



**Innlandet**  
fylkeskommune



# Vil du behalde **Innlandet** – eller dele det opp att?

Fylkestinget har avgjort at det skal haldast ei rådgjevande folkerøysting om framtida til Innlandet – skal fylket vidareførast som i dag eller delast opp att i to nye fylke?

Folkerøystinga skjer i perioden **10. til 17. februar**.

## Det vedkjem deg, og du kan vere med på å avgjere!

Dei aller fleste har eit forhold til fylkeskommunen, sjølv om dei kanskje ikkje tenkjer over det.

Veldig mange er innom ein av dei vidaregåande skulane våre, som elev eller føresett, eller kanskje for å trene på fritida. Når du reiser kollektivt, er sjansen stor for at du sit på ein av bussane våre – som svært ofte køyrer på ein veg som fylkeskommunen har ansvaret for. Når du skal du til tannlegen, er det i dei fleste høve til ein offentlig tannklinikk som er fylkeskommunen sin, i alle fall om du er under 19 år. Fylkeskommunen bidreg òg til gode friluftsfylke, kultur- og idrettsopplevingar i heile fylket. Pluss mykje meir.

Den rådgjevande folkerøystinga handlar ikkje om vi skal ha ein fylkeskommune eller ikkje. Spørsmålet du skal ta stilling til, er om du vil at Innlandet skal vidareførast eller delast.

Ditt råd vil telje når politikarane skal handsame vidareføring eller deling på fylkestinget 23. februar.

Du finn meir informasjon om fylkeskommunen på **[innlandetfylke.no/stem](https://innlandetfylke.no/stem)**



# Korleis røyster du?

Den rådgjevande folkerøystinga om Innlandet blir gjennomført frå **10. til 17. februar.**

## Kven kan stemme?

Alle som er busett i Innlandet (folkeregistrert adresse 1.1.2022) og som er over 16 år (fyller 16 år i løpet av 2022).

## Slik røyster du:

Røystinga går føre seg digitalt. Gå til **[innlandetfylke.no/stem](https://innlandetfylke.no/stem)**

Du må ha tilgang til ein PC, eit nettbrett eller ein smarttelefon for å kunne røyste. Du registrerer deg ved hjelp av BankID eller MinID.

Det er krav til trygging som gjer at du må logge deg på via ID-porten for å kunne røyste.

Dei aller fleste har allereie elektronisk ID. Dersom du ikkje har det, er det enkelt å skaffe seg.

Sjå meir informasjon på Digitaliseringsdirektoratet sine sider.

## Treng du hjelp?

Kanskje har du familie eller vener som kan hjelpe deg?

Dersom du av ulike grunnar ikkje får røyste digitalt heime, kan du få hjelp av kommunen din. Sjå informasjon på kommunen sine nettsider, eller ta kontakt med kommunen din.

Sjå meir informasjon på **[innlandetfylke.no/stem](https://innlandetfylke.no/stem)**

Fylkeskommunen har òg oppretta ein vakttelefon for dei som treng hjelp og rettleiing for å kunne røyste.




Telefon: **400 21 227**



Opningstider: **08.00–20.00 på kvardagar**  
**10.00–15.00 laurdag og søndag**

Du kan òg sende spørsmål på e-post: **[stem@innlandetfylke.no](mailto:stem@innlandetfylke.no)**

# Her finn du oss



- Tannklinikkar (41 stader)
- Vidaregåande skular (23 skular/39 stader)
- Karriere Innlandet (11 stader)
- Fylkeshus (2 stader)
- Samferdsel (7 stader inkl. Kundesenteret Innlandstrafikk)



**Innlandet**  
fylkeskommune